

## Radio PR

co/ Betania, Knarvik  
Postboks 86  
5902 ISDALSTØ

30. juli 2005

Kultur- og kirke departementet  
[postmottak@kkd.dep.no](mailto:postmottak@kkd.dep.no)

### **NYE RAMMEVILKÅR FOR LOKALRADIO - HØYRING.**

Vi viser til skriv av 19.04.05, ref. 2002/04324 ME/ME3 KKL:elt, med invitasjon til å komme med høyringsfråsegn i samband med framlagd rapport om nye rammevilkår for lokalradio, med høringsfrist 01.08.05.

Saka var oppe i styremøte i Radio PR 10.05.05. Etter som vi er medlem i Kristent Radioforum, har vi også fått førespurnad om synspunkt der ifrå, og vi har gitt uttrykk for det same til dei.

I det vesentlege er vi positive til dei endringar og presiseringar som kjem fram i rapporten. I det følgjande kommenterer vi i forhold til dei punkta som vi ser som mest aktuelle for oss, både ut frå ein prinsipiell og frå eit reint lokal ståstad.

**1. I kap. 2.1. heiter det: "I områder med flere sendernett anbefaler arbeidsgruppen at ett eller flere av disse avsettes til aktører som ønsker å sende hele døgnet (såkalt 24/7)."**

I Nordhordland (område 70) er det ikkje fleire sendarnett. Vi reknar med at det heller ikkje er aktuelt med fleire sendarnett i dette området.

**2. Tildelingsprosedyre der det er fleire søkjarar i same området.**

Vi har gode erfaringar med ordninga slik ho er i dag, og vil gjerne halde fram med det. Subsidiært kan vi støtte fleirtalet sitt framlegg der fordeling av sendetid blir avtalt *før* innsending av søknad.

**3. Radioteknisk dekningsområde som grunnlag for konsesjonstildeling.**

Vi har ingen merknad til dette. Det verkar fornuftig.

**4. Krav om minimum 25 % verbalstoff.**

Dette er etter vår oppfatning positivt. Det er med og understreker lokalradioen sin lokale identitet.

**5. Oppheving av avgrensingane for vidaresending og samsending.**

Dette er etter vår oppfatning positivt. Vi har gode erfaringar med vidaresending/ samsending på Nordhordland Sendernett. På den måten utfyller vi kvarandre sine ulike profilar og sterke sider, slik at det samla radiotilbodet i regionen blir betre.

**6. Skjønnhetskonnurranse.**

Det er heilt avgjerande for eit godt og variert lokalradiotilbod at ikkje tildelinga skjer etter kven som har best økonomisk evne. Vi deler fleirtalet si oppfatning av at auksjon med pengar vil vere eit brot med dei kulturpolitiske føresetnadene ordninga kviler på, og vi vil sterkt rå frå ei slik ordning.

### 7. Konesjonsperiode på 7 år.

Ei forlenging av konesjonsperioden til 7 år er positivt.

### 8. Auka arbeidsmengde for Post- og Teletilsynet – gebyrauke.

Ytterlegare gebyrauke er uheldig. Vi har alt hatt ein gebyrauke på 44 % frå 2004 til 2005!! Her bør ein heller gripe fatt i den auka arbeidsmengda til Post- og Teletilsynet, og lage ei ordning som er mindre arbeidskrevjande. Vi viser t.d. til ny Forskrift om gebyr til Post- og teletilsynet § 10, som knapt er mogleg å forstå for vanlege menneske!

### 9. Utvida konesjonsområder.

Frå rapporten har vi også merka oss framlegget om utvida konesjonsområder. I hovudkonklusjonen heiter det m.a.:

- *Bedre driftsvilkår innebærer færre, men større konesjonsområder.*
- *Det skal tas hensyn til nåværende virksomhet ved at det ikke gjøres tvungne områdesammenslutninger, men derimot favorisering av samarbeidsprosjekt.*
- *Områdene bør være tilpasset framtidig digitalradiostruktur. Det innebærer større konesjonsområder enn i dag mange steder.*

Vidare heiter det i rapporten 2.1 bl.a.: ”*Det anbefales at byer med umiddelbare randsoneområder som samsvarer med et naturlig handelsområde med en felles lokalkulturell identitet vurderes slått sammen.*”

Kva som passar for ein framtidig digitalradiostruktur, er vanskeleg for oss å ha så sterk meining om. ***Det som vi likevel vil understreke er kor viktig det er at det blir teke omsyn til noverande verksemd, og at det ikkje blir gjort tvungne samanslåingar.*** Vi viser også til rapporten 9.2 fjerde avsnitt der det bl.a. heiter: ”*Det er særlig vist til at godt fungerende lokalradioområder ikke bør endres. Lokalradioforbundets representanter i arbeidsgruppen har understreket at forbundets innspill skal forstås slik at man ikke bør endre på konesjonsområder som i seg selv fungerer bra.*”

Konkret vil det for oss seie at konesjonsområde 70 i Nordhordland bør vere eige konesjonsområde slik som i dag, med dei kommunane som er med, eventuelt justert for ”radioteknisk dekningsområde”. Vi meiner konesjonsområde 70 er godt fungerande, Nordhordland har så absolutt sin eigen lokalkulturelle identitet, og vi ønskjer altså *ikkje* større konesjonsområde for vår del.

Med helsing  
for styret

Tom Arild Valdersnes  
styreleiar

Svein Børtveit

